



## Vekeplan for 2. steg veke 3

		MÅNDAG 15/1	TYS DAG 16/1	ONSDAG 17/1	TORSDAG 18/1	FREDAG 19/1
1	08.50-09.35	Norsk	Stasjonar 	Symjing i Sogndal 	Tema: Sjå opp! 	Uteskule 
2	09.35-10.20	Engelsk				
3	10.35-11.30	Skulen les	Norsk	KRLE		
4	12.00-12.45	Tema: Sjå opp! 	Kunst og handverk	Matte		
5	12.45-13.30					
<b>LEKSER:</b> 			<b>TIL TYS DAG:</b>	<b>TIL ONSDAG:</b> Pakk symjebag! Du treng badedrakt/ badeshorts, handduk, såpe og byteklede. Det er ikkje påkrevd med badehette.	<b>TIL TORSDAG:</b> Gjer matematikk-oppgåvene i Leksebok 2.	<b>TIL FREDAG:</b> Pakk tursekken din. Du treng klede til å vera ute i, mat, drikke og sitjeunderlag. Dei som vil kan ta med bålmat og ein vedkubbe. Ekstra sokkar og vottar i sekken er lurt.
<b>Vekelekse lesing:</b> Set kryss over ruta når du har lest 10-15 min (har du lest godt på leseleksa, kan du fylla tida med anna sjølvvald tekst).			Les dei to tekstane som er limt inn i leksebok 2. Dei fleste klarar no å lesa både stjerne-, måne- og soltekst. Du skal lesa i 10-15 minutt kvar dag, så då klarar de kanskje også å lesa teksten fleire gonger. Få gjerne mamma eller pappa til å lese den til deg fyrst, slik at du kjenner att innhaldet. 😊 Vi startar opp med høyring av leseleksa på skulen på torsdagar. Det vert ein fin anledning til å visa kor godt du har øvd på leksa di.			
			Eg har lest til tysdag 	Eg har lest til onsdag 	Eg har lest til torsdag 	Eg har lest til fredag 
<b>Norsk øveord:</b>		<b>Matematikk øveord:</b>		<b>Engelsk øveord:</b>		
Nyttår Januar Rakett Fyrverkeri Planet	Galakse Solsystem Oppfinnar Robot	Addisjon Tiar Einar Tal Siffer	I can see... = eg kan sjå... on = på under = under in front of = framfor behind = bak beside = ved sidan av	lamp = lampe window = vindauge bed = seng toys = leiker crayons = fargestiftar poster = plakat		



Leikanger barneskule  
[www.leikanger-barneskule.no](http://www.leikanger-barneskule.no)  
Telefon adm: 57 65 26 13  
Telefon SFO: 99 57 88 58



	<b>Dette arbeider me med denne veka</b>
<b>Norsk</b>	Leseforståing og lesestrategiar
<b>Matematikk</b>	Addisjon med tala til 100
<b>Engelsk</b>	-Forstå og bruke namn på møblar, utstyr og leiker. -Bruke tala opp til 20 -Preposisjonar.
<b>Kroppsøving</b>	Vasstilvenning
<b>Tema</b>	I veke 1 - 3 arbeider me med temaet <b>sjå opp</b> i faga engelsk, musikk, kunst og handverk, naturfag, samfunnsfag og i nokre av norsktimane.



## Meldingar til heimen



### Lesing

Som ein del av lesesatsinga vår, har vi oppretta lesegrupper for nokre elevar måndagar og tysdagar. Dette har føresette til desse elevane fått eiga melding om. I tillegg til dette har vi fått inn ein ekstra ressurs på torsdagar i 3.time, der elevane får lesa delar av heimeleksa for ein vaksen. Det er fint at dei får vise kor godt dei har øvd, og det er nyttig for oss å høyre dei i øvd tekst.

### Vaksne på steget denne veka

Denne veka er Siv Jane på studie heile veka, og Stine på studie torsdag og fredag. Stine er i klassen måndag, tysdag og onsdag, medan Aase er i klassen måndag, tysdag, torsdag og fredag. Det vil vera kjende vaksne for dei i klassen kvar dag. Ber dykk sende melding til **både** Stine og Siv Jane om det er noko.

### Byteklede

Det er mykje uteaktivitet i skulen og på SFO no når snøen tilrettelegg for aking. Sjekk korgar for byteklede og send med klede som er gode og varme.

Ynskjer dykk ei fin veke! 😊  
Stine og Siv Jane



Siv Jane Tufte Mardal  
[siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no](mailto:siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase  
[stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no](mailto:stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no)  
Mobil: 93 26 51 18